



STRYN KOMMUNE



# KOMMUNEDELPLAN

**Kultur, idrett, fysisk  
aktivitet og friluftsliv 2021**

## INNHOLD

<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>1. Bakgrunn for planarbeidet</b>	<b>3</b>
1.1 Planprosess	3
1.2 Føremål med planen	3
<b>2. Fundament for Stryn kommune sin kulturpolitikk</b>	<b>5</b>
2.1 Nasjonal kulturlov	5
2.2 Lovverk, stortingsmeldingar, utgreiingar, føringer	6
<b>4. Kultur</b>	<b>7</b>
4.1. Evaluering av førre plan og statusoversikt (2013-2020)	9
4.2 Bibliotek	11
4.3 Kulturhus   kino   symjehall	12
4.4 Kulturskule	13
4.5 Barn og unge	14
4.6 Frivillig sektor	15
4.6.1 Organisasjonseigde kulturbygg	15
4.7 Kunstgalleri   Utstilling   Utsmykking	16
4.8 Museum   Lokal historie   Kulturarv	17
4.9. Kultur, inkludering og deltaking	19
4.10 Kultur og næring	19
<b>5 Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv</b>	<b>20</b>
5.1 Anleggspolitikk	20
5.2 Utviklingstrekk	20
5.3 Aktivitetsnivå	21
5.4 Evaluering av førre plan - Statusoversikt	26
5.5 Handlingsprogram for aktivitet i perioden 2021-2024	28
<b>7. Handlingsprogram</b>	<b>32</b>

## INNLEIING

Stryn kommune har eit godt og variert kulturliv med mange lag og organisasjoner som tilbyr born, unge og vaksne deltaking, oppleving og inkludering. Kommunen har ein fantastisk natur som innbyr til aktivitet og friluftsliv.

Vedteken Nasjonal kulturlov (2007) ligg til grunn for planen sin visjon og arbeid. Visjonen byggjer på at kunst og kultur er ein av dei fire berebjelkane i samfunnsutviklinga. Kunst og kultur, som sentrale byggesteinlar, utgjer ein forskjell for folk gjennom kreativ samhandling, sosiale møteplassar, identitet og inkludering. Her kan menneske i alle aldrar, gjennom heile livet, få delta, skape og oppleve alt det kunst og kulturlivet byr på. Kulturen er sjølve grunnmuren i samfunnet.

Idrett inngår i det utvida kulturomgrepet. I tråd med regionale føringer har ein valt å samle tidlegare kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og kommunedelplan for kultur som ein felles ny plan.

Stryn kulturhus er kommunen si «storstove» for kunst og kultur, i tillegg har vi mange gode kulturbygg i bygdene utanfor sentrum som er viktige for lokalt kulturliv sin aktivitet, tilbod og kvalitet. Kulturskule og bibliotek har dei siste åra hatt ei god utvikling gjennom auka ressursar, nye lokale og fornying. Som kommunen sine ressursenter innanfor kunst og kultur er det behov for vidare fokus og satsing.

Planen har fått status som kommunedelplan for å synleggjere forankringa i kommunen sitt planverk og planstrategi. Planen skal påverke dei avgjersler som vert teke dagleg i forvaltinga, og gje den retninga som er i samsvar med dei langsigktige retningsliner for samfunns-, kultur- og idrettsutvikling i kommunen.

Visjon  
**Kultur og fysisk aktivitet – heile livet**



## 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Stryn kommune fekk sin første kulturplan i 2008 – Kulturpolitisk handlingsplan for 2008-2011. Planen har status som kommunedelplan og ved revisjon i 2012 fekk den namnet Kommunedelplan for kultur 2013-2016.

Den første tematiske kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Stryn kommune vart vedteken i 1994. Planen har sidan blitt revidert kvart 4. år etter plan- og bygningslova. Siste revisjon var i 2016 (2017-2020).

Ved ny revisjon har vi valt å samle begge planane i ein overordna plan som skal vere eit strategisk styringsdokument for politikken på heile kultur- og idrettsfeltet. Planen skal ha to handlingsprogram som skal rullerast kvart år og reviderast kvart 4. år etter plan- og bygningslova. Eit handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og eit for kultur. Handlingsprogramma som føl planen skal rullerast årleg og koplast mot budsjettprosessen i kommunen.

### 1.1 PLANPROSESS

Leiar for skule- og kulturutvalet, kommunalsjef skule og kultur og kommunedirektør utgjer styringsgruppa for planen. Det vart sett ned ei prosjektgruppe med åtte medlemmar frå politisk hald, administrasjonen og det frivillige kunst- og kulturlivet.

Arbeidet med kommunedelplan starta i 2018, og etter nokre møter i arbeidsgruppa vart det gjennomført to opne folkemøte i Stryn kulturhus og Olden Helsetun. Same haust valde administrasjonen å utsetje vidare arbeid med planen då ein fekk signal om at det ville kome ny informasjon og nye politiske føringar innan kultur- og idrettsfeltet ved overgang til nytt fylke.

Arbeidsgruppa for kultur si samansetjing 2018:

Skule- og kulturutvalet	Sonja Øvre-Flo og Per Kjøllesdal
Kulturadministrasjonen	Myrtel Thomassen og Edvard Nordang
Lag og organisasjoner	3-4 representantar

Arbeidsgruppa for kultur si samansetjing 2020:

Skule- og kulturutvalet:	Arnljot Sæternes og Endre Bø
Ungdomsrådet	2 representantar
Administrasjon	Ingrid Heieren og Myrtel Thomassen
Lag og organisasjoner	3 representantar

Kapittel om idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har hatt arbeidsgruppe med representantar frå Stryn idrettsråd og Indre Nordfjord Turlag. Grunna covid-19 situasjonen har det ikkje vore mogleg å halde fysiske møter i plangruppene.

### 1.2 FØREMÅL MED PLANEN

Stryn kommune skal ha ein aktiv og framtidsretta kultur- og idrettspolitikk. Alle skal ha lik føresetnad for deltaking og til å utvikle sine ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk, kulturell eller religiøse grunnar eller funksjonsevne. Kultur har stor betyding for personleg vekst og for livskvalitet, trivsel og fellesskapsoppleving i eit lokalsamfunn.

Planen skal omhandle frivillige lag- og organisasjoner, bibliotek, kulturskule, kulturhus, kino, symjehall, anlegg, museum, kulturarv, utsmykking av offentlege rom, lokalhistorie, kultur og næring, møteplassar, folkehelse, mangfald og fellesskap, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Vedteken kommunedelplan for kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere eit politisk og administrativt arbeidsverktøy for å sikre langsiktig og føreseileg utvikling innan fagfeltet.

**Overordna mål: Kultur og fysisk aktivitet for alle**

- Hovudmål 1: *Skape, utøve, delta, formidle, oppleve*
- Hovudmål 2: *Utvikle fagleg kunnskap og kompetanse innan kunst, kultur og fysisk aktivitet*

Stryn kommune skal ha ein aktiv og inkluderande kulturpolitikk. Kultur og idrett skal skape gode lokalsamfunn gjennom deltaking, medverknad, utøving og oppleveling i heile kommunen. Ein skal jobbe målretta for å nå prioriterte grupper og legge til rette for tidleg engasjement slik at ein gjev alle barn og unge reelle mogleger til å delta.

Kommunen si satsing skal spegle ei heilskapleg tenking der kultur og fysisk aktivitet står sentralt, er av høg kvalitet og open for nye tankar og ulike samarbeidsformer mellom offentlege instansar, kulturinstitusjonar og frivillig sektor. Det skal vere eit mangfold av ulike rusfrie arenaer med varierte kulturtildelningar og inkluderande møteplassar. Deltaking på slike arenaer kan bidra til å utsetje alkoholdebut hjå ungdom, samt påverke psykisk helse, trivsel og bulyst. Det kan og vere med på å skape samhald og gode livskår for barn og unge, foreldre, vaksne og eldre i Stryn kommune.

Stryn kommune har eigen kommunedelplan for kulturminne som ligg under plan- og næringsavdelinga, vedteken i 2017. Kulturminne vert difor ikkje omtalt i denne planen. Planen tek ikkje opp kyrkjer, gravlundar og drift knytt til dette, då det er eit eige forvaltningsområde som høyrer inn under Stryn kyrkjelege fellesråd.



## 2. FUNDAMENT FOR STRYN KOMMUNE SIN KULTURPOLITIKK

### 2.1 NASJONAL KULTURLOV

Kulturlova er ei nasjonal overordna lov som syner det offentlege sitt ansvar om føreseielege utviklingsvilkår for kulturfeltet i Norge. Korleis ein best kan leggje til rette for dette, blir eit samarbeid mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Visjonen er at Norge skal vere ein leiande kulturnasjon som vektlegg kulturdimensjonen i alle delar av samfunnet. Kulturen treng som andre område i samfunnet føreseielege rammer og vilkår, det er difor viktig med ein plan som er forankra politisk og i økonomiplanen.

#### Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd

##### § 1. Føremål

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

##### § 2. Definisjonar

Med kulturverksemd meiner ein i denne lova å

- a. skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
- b. verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c. delta i kulturaktivitet,
- d. utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse.

##### § 3. Statens oppgåver

Staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak.

Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

##### § 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

##### § 5. Felles oppgåver

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

##### § 6. Ikraftsetjing

Kongen fastset når lova skal gjelda.

## 2.2 LOVVERK, STORTINGSMELDINGAR, UTGREIINGAR, FØRINGAR

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova. Planen er utforma innanfor norsk lovverk, statlege og regionale mål, retningslinjer, stortingsmeldingar, føringer og rapportar. I høve dette plandokumentet har desse hatt særleg relevans:

### Regjeringa/Kulturdepartementet (KUD)

- Kulturlova – Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemد
- Biblioteklova – Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova – Lov om folkehelsearbeid
- Meld. St. 8 – Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida (2018-2019)
- Meld. St. 10 – Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – Den statlege frivilligheitspolitikken (2018-2019)
- Nasjonal bibliotekstrategi – Rom for demokrati og dannelses (2020-2023)
- Opplæringslova § 13-16 Musikk og kulturskoletilbod
- Bestemmelser om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 (V-0732)
- Plan- og bygningslova – Lov om planlegging og byggesakbehandling
- Stortingsmelding nr. 18 – Friluftsliv
- Saman om aktive liv – Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029

Regjeringa slår fast i kommuneopposisjonen for 2020 at FN sine berekraftsmål skal vere grunnleggande for å løyse utfordringar i vår tid. FN sine berekraftsmål består av 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft, og er verdas felles arbeidsplan for å, mellom anna sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfold og klimaendringar.



### Vestland fylkeskommune

- Kultur for alle – regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi
- Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2024 - Strategidokument

### Stryn kommune

- Kommuneplan for Stryn kommune – Samfunnsdel 2013-2024
- Mål og strategiar for Leve heile livet, 2020
- Rapport frå Frisklivssentralen i Stryn 2019/2020

### Andre

- Norsk kulturskoleråd - Rammeplan for kulturskolen, mangfold og fordjuping
- Norsk Friluftsliv – Sikring av neste generasjons natur og helse

## 4. KULTUR

I 2020 er folketalet i Stryn kommune i overkant av 7 100. Det har dei siste åra vore ei utflating og nedgang i folketalet. Det skuldast i hovudsak mindre innvandring, særleg arbeidsinnvandring og busetjing av flyktningar. Stryn kommune treng ei positiv folketalsutvikling og det er viktig å legge til rette for at innbyggjarane kan leve gode liv, og gjere det enkelt for nye innbyggjarar å velje å flytte til Stryn.


Nøkkeltal frå KOSTRA, kulturtal per 15.06.2020. I Stryn kommune er det kommunal drift på kulturhus, symjehall, kino og strynehall. Det er ikkje alle kommunar vi kan samanlikne oss med som har ansvar for tilsvarende anlegg. Det slår ut på KOSTRA-tal og driftsutgifter innan kulturfeltet.

Nøkkeltal	Stryn 2019	Sogn og Fjordane	Kostragruppe 10	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifter til kultursektoren (prosent)	3,7	3,5	3,5	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (prosent)	1,5	1,1	1,2	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (prosent)	0,4	0,8	0,8	0,8
Barn 6-15 år i kommunal kulturskule (prosent)	16,5	19,7	15,8	13,8
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler per innbygger 6-15 år	1 969	3 922	2 712	2 680
Netto driftsutgifter til kultur og idrett per innbyggjar (kr)	2 599	2 603	2 173	2 549
Besøk per kinoforestilling (antal) *	24,1	27,9	25,3	25,5
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antal)	5,7	4,8	5,2	4,9
Omløphastighet for bøker (antal)	1,4	0,4	0,8	0,8
Netto driftsutgifter til bibliotek per innbyggjar (kr)	273	390	294	305
*Frå 2008 er besøkstal og tal for forestilling for Bygdekinoen AS teke med i talgrunnlaget. Besøkstal og tal forestilling er lagt til visningskommunen. Det synes ikkje besøk og forestilling separat for norske filmar for Bygdekinoen. I desse kommunane er visningsstad sett lik ein kinosal.				

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Lag og organisasjonar tilbyr aktivitetar til innbyggjarane i alle aldersgrupper. Dei er viktige både for kulturlivet og samfunnet elles. Terskelen for å delta i det lokale kulturliv og oppleve kunst og kultur skal vere låg. Informasjon om tilboda, tilrettelegging for gode møteplassar og gjere dei tilgjengeleg for alle, er viktige tiltak for å få fleire i aktivitet og skape gode miljø og ein betre og meiningsfylt kvardag for fleire.

Kostnader knytt til medlemsskap, billettprisar og leige av hus er med på å avgjere kven og kor mange som kan delta på det som er tilgjengeleg av kulturtildod i Stryn kommune. Offentleg transport mellom Stryn sentrum og grondene kan også vere med å påverke negativt. Dette kan ekskludere barn og unge frå deltaking.

Kultursektoren er avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod og utvikle nye tiltak. Det er få lovpålagde oppgåver innanfor kultursektoren, og ein er avhengig av politisk vilje og prioriteringar for å kunne utvikle og stimulere kulturfeltet lokalt. Med politisk vilje har det vist seg at sjølv med mindre kommunale midlar til kultur, genererer det til auka aktivitet og deltaking.



Kulturindeks for Stryn kommune frå 2018. Stryn kom på plass 132 av alle 422 kommunane. Den kulturelle skulesekken og bibliotek er to felt der Stryn får gode resultat, og dei siste åra har kommunen hatt auke i kino og kulturskule. Sjølv om dette er gledeleg er det ein tendens at kommunen nyttar lite midlar til kultur.



## 4.1. EVALUERING AV FØRRE PLAN OG STATUSOVERSIKT (2013-2020)

Tiltak	Ansvar	Status
Nye stolar i konsert/kinosal Stryn kulturhus	Stryn kommune	Gjennomført
Ny felles inngang kulturhus/symjehall mot Bunnpris	Stryn kommune	Gjennomført
Nytt elektronisk låsesystem for ytterdør i kulturhuset	Stryn kommune	Gjennomført
Oppgradering av teknisk utstyr møterom/konferansesal/konsert-sal i kulturhuset	Stryn kommune	Delvis gjennomført
Flytte kulturskulen opp i 3.etg – Andre lokale til vaksenopplæringa	Stryn kommune	Gjennomført
Nye møbler i kulturhus møterom/kommunestyresal	Stryn kommune	Delvis gjennomført
Modernisere Heimskringla	Stryn kommune	Delvis gjennomført
Auka driftstilskot Singerheimen	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Auka driftstilskot Garden Li	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Forprosjekt utandørs symjebass./varmtvassbass./ute- område	Stryn kommune/ private	Ikkje gjennomført
Modernisere barne/ungdomsavd. v/Stryn bibliotek	Stryn kommune	Gjennomført
Nye tiltaksmidler til kunst og kulturnæring/lag/org	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Auke kulturmidlane til lag/org	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Ny bygdebok/busetnadsoge	Kommune/Private	Starta opp
Oppgradering av lydutstyr/mic-system i høve nye frekvensar	Stryn kommune	Gjennomført
Driftstilskot Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Stryn kommune	Gjennomført
Ny felles skilting for kulturhus/symjehall/kino/ kulturskule ute	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Modernisering av ungdomsavd. Stryn bibliotek	Stryn kommune	Gjennomført
Ny mixepult Stryn kulturhus	Stryn kommune	Gjennomført
Symjeskillar i Stryn symjehall	Stryn kommune	Gjennomført
Bibliotek – ombygging/modernisering lokale	Sogn og Fjordane Fylkeskommune/Stryn kommune	Delvis gjennomført
Frivillige lag/org – innføring av kulturmidlar lokale kulturbrygg	Stryn kommune	Ikkje gjennomført

Kulturpris – innkjøp av skulptur	Stryn kommune	Gjennomført
Faleide skolemuseum – formidling og utvikling	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Bibliotek – nye datamaskiner til publikum 6stk	Stryn kommune	Gjennomført
Strynehallen – drift/utstyr	Stryn kommune	Gjennomført
Meirope bibliotek	Sogn og Fjordane Fylkeskommune/Stryn kommune	Gjennomført
Stryn kulturskule – desentralisert undervisning	Stryn kommune	Gjennomført
Biblioteket – jubileum 225 år	Stryn kommune	Gjennomført 2020
Oppretting av fond for mellomfinansiering mva nærmiljøanlegg/nærmiljøtiltak	Stryn kommune	Gjennomført
Kulturminnefondet – påfyll av fond	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Kulturhus og kino – budsjettetuke utstyr	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Bibliotek – budsjettetuke utstyr	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Kulturskulen – budsjettetuke arrangement	Stryn kommune	Ikkje gjennomført
Den kulturelle skulesekken (DKS) – utviklingsprogram	Stryn kommune	Ikkje gjennomført



## 4.2 BIBLIOTEK

### **Ein stad å oppleve, ein stad å vere, ein stad å låne, lese og lære**

#### **Status**

Stryn bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek, folkebibliotek for Stryn kommune og skulebibliotek for Stryn vidaregåande skule, og er plassert i lokal til Stryn vidaregåande skule. Biblioteket har ei eiga avdeling med lokalhistorie og er ansvarleg for det nynorske turbiblioteket i Kloppe myrhytta, dagsturhytta i Stryn.

Biblioteket har hatt ei positiv utvikling dei siste åra med stor auke i besøk og utlån, særleg for barn og unge. Opningstida er 37 t/veka, inkludert laurdagsope og i feriar. Det er gledeleg at det no er klart for meir ope-bibliotek der brukarane får tilgang til lokal også utanom ordinær opningstid. Biblioteket har ei bemanning på 2,5 årsverk der Stryn vidaregåande skule betalar for 0,5 årsverk.

#### **Moglegheiter og utfordringar**

Gjennom samarbeid med Nasjonalbiblioteket og fylkesbiblioteket har brukarane ved Stryn bibliotek tilgang til ei stor mengde digitaliserte bøker, filmar, aviser, med meir. Gjennom felles søk og transportordningar mellom biblioteka får ein lett tak i bøker, og ved hjelp av nasjonale lånekort kan brukarar sjølv bestille bøker ved andre bibliotek og hente dei i Stryn.

Biblioteket skal vere ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Stryn bibliotek har rundt femti små og store arrangement gjennom året og godt med publikum. Det krev stadig meir tid og ressursar, større kompetanse og betre tilpassa lokale. Tidene endrar seg, og det som var gode biblioteklokale i 2004 er ikkje ideelt for dagens aktivitetar.

#### **Mål:**

- Biblioteket skal vere ein møteplass for alle, drive aktiv litteratur- og kulturformidling og formidle kunnskap og oppleveling

#### **Strategi:**

- Biblioteket skal leggje vekt på mangfold og integrering og samarbeide med aktuelle aktørar
- Biblioteket skal til ei kvar tid tilby ei aktuell og allsidig boksamling, og styrke samlinga av lokal litteratur og nynorske bøker

#### **Tiltak (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):**

- Kompetanseheving
- Utviding av lokale
- Utarbeide skulebibliotekplan i samarbeid med skulane i kommunen
- Samarbeide med ulike institusjonar, t.d. helsestasjon, barnehage, skule, omsorgssenter, om ulike tiltak for leselyst

## 4.3 KULTURHUS | KINO | SYMJEHALL

**Stryn kulturhus** er ein viktig møteplass for lag og organisasjonar, frivillig kulturliv og generell møteverksemd. Kulturhuset opna i 1991 og romma bibliotek, kafé, kunstgalleri og kulturskule. I dag har symjehall, kulturhus og kino felles inngang og kulturskulen er flytt opp i 3. etg i nyoppussa lokale. Heimskringla har fått nytt dansegolv og lyd-anlegg og møteromma på kulturhuset har i ulik grad blitt pussa opp og utsmykka med kunst av Kaare Sunde.

**Stryn kino** har fire faste kinodagar i veka, samt seniorfilm, den store kinodagen, skulevisningar, romjulsfilm med meir. Kinoen er digitalisert, lyd- og lys-styring automatisert og den har fått betre lagringsplass, noko som gjer at ein kan tilby verdspremierar og samtidig ha variert utval av dagsaktuelle filmar. I 2013 fekk salen nye stolar. Det er gledeleg at salen ofte vert leigd ut til kulturarrangement, men det gjer også at kinotilboda vert færre.

**Stryn symjehall** vart opna i 1973 og etter oppgradering og rehabilitering hadde den ny-opning i 2001. Symjehallen har internasjonale mål og er utsmykka av kunstnar. Symjing er eit viktig lågterskel tilbod og inkluderer mange, og kan nyttast heile året. Ein ser behov for større oppgradering og modernisering for vidare utvikling i symjehallen.

Det er ønske fra administrasjon og publikum om meir brukarvenlege prisar. Det kan ein gjere ved å minske kravet til driftsinntekter ved å auke overføringane direkte til budsjettet.

### Mål:

- Kulturhuset skal vere Stryn si storstove og ein sosial arena for kulturell formidling

### Strategi:

- Kulturhuset skal legge til rette for lokalt kulturliv, tilby eit rikt profesjonelt kulturprogram og utvikle nye tilbod for ulike brukargrupper
- Kulturhuset skal samarbeide med lokale lag og organisasjonar og vere ein naturleg møteplass for alle i kommunen
- God drift og økonomi som gjev huset moglegheit til utvikling og brukarvenlege prisar

### Tiltak (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):

- Generell modernisering kulturhus, kino og symjehall
- Forprosjekt utandørsbasseng
- Forprosjekt utbygging
- Mindre krav til driftsinntekter i budsjetta/auke i budsjetta

## 4.4 KULTURSKULE

### Status

Stryn kulturskule starta opp som ein rein musikkskule i 1988. I 2000 fekk skulen nye tilbod innan dans, drama, visuell kunst og endra samstundes namn til Stryn kulturskule. Kulturskulen har hovudbase i 3. etg og i Heimskringla i kulturhuset. Kulturskule tilbyr desentralisert undervisning i Olden, Innvik, Oppstryn og på Nordsida når det er nok elevar til det.

Kulturskulen har hausten 2020, 142 elevplassar i musikk, dans, visuelle kunstfag og teater. Det er 3,3 årsverk fordelt på sju tilsette, med to heile stillingar og fem deltidsstillingar.

### Moglegheiter og utfordringar

I Stryn er det om lag 910 elevar i grunnskulen, og gjennom Norsk kulturskuleråd sitt mål skal 1/3 av alle grunnskuleelevene i kvar einskild kommune gå i kulturskule. Per i dag når ikkje Stryn kulturskule dette målet.

Tala frå KOSTRA 2019 viser at kulturskulen er eit av dei felta innanfor kultur som Stryn kommune nyttar minst pengar på (per innbyggjar). Kulturskulen ligg nasjonalt lågt når det gjeld tal kulturskuletimar og tal elevar i målgruppa.

Kulturskulen har som mål å bli eit lokalt ressurssenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i kommunen. Målet er å arbeide for å auke løyyingane som kan gjere det mogleg å utvide kulturskuletilbodet og gje plass til fleire og nye elevar i skulen.

Stryn kulturskule skal vere eit lokalt ressurssenter ved å vere utoverretta, jobbe aktivt med å nå nye målgrupper, tilby nye og spanande tilbod og vere synleg i lokalmiljøet.

### ELEVEN I FOKUS | KUNNSKAP OG KREATIVITET | MEISTRINGSGLEDE

#### Mål:

- Kulturskulen skal vere eit tilbod for alle som ønskjer det og kommunen sitt lokale ressurssenter for kunst og kultur

#### Strategi:

- Kulturskulen skal søke gode samarbeid i kommunen og med andre kommunar om kulturskuletilboda
- Kulturskulen skal samarbeide med lokalt kulturliv og ta i vare og formidle immateriell kulturarv
- God drift og økonomi som gjer det mogleg med låge elevprisar

#### Tiltak (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):

- Utvikle nye tilbod
- Opprette og ha tilbod i breiddaprogram (lågterskeltilbod)
- Tilpassa lokala til musikkundervisning (t.d. lydisolering mellom rom og i ventilasjon)
- Utøvande del for kulturskulelærarane
- Moderne og tilpassa opplæring til fleire målgrupper
- Elevbetaling som gjer det mogleg for fleire å melde seg inn

## 4.5 BARN OG UNGE

Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gjev grunnlag for gode oppvekstvilkår. Kultur og anna aktivitet i fritida er ein verdi i seg sjølv, og i eit velferdssamfunn skal born og unge bli møtt med varierte fritidstilbod. Barn og unge skal få høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn og økonomi.

Kultur har eit danningsaspekt, det deltagande, engasjerte og reflekterte mennesket er målet. For å oppnå dette, må kulturtildelning gje rom for skapande verksemd, opplevingar og læring, og motivere til kritisk tenking. Barn og unge må få øve opp kompetanse både som skaparar, utøvarar og publikum. Det har blitt peika på behovet for å styrke dei praktisk-estetiske faga i skulen, og for å leggje betre til rette for tidleg engasjement i kulturskulane, biblioteka, DKS, musea og frivillig sektor.

Stryn er **MOT-kommune** som sikrar ungdomskuleeleverne faste besøk frå lokale MOT-coachar. Det er haldningsskapande program som styrkar kvar enkelt ungdom og skapar trygge og inkluderande klassemiljø. MOT til å bry seg, MOT til å leve og MOT til å seie nei.

**Stryn ungdomsråd** er for ungdom i målgruppa 13-19 år. Representantane vert valde inn kvar haust frå ungdomsskulane og vidaregåande skule. Ungdomsrådet handsamar saker som vedkjem barn og unge sine interesser kommunen, samt lyser ut og tildeler eigne midlar til tiltak for barn og unge.

**Den kulturelle skulesekken (DKS)** gjev tilbod til alle elevar i grunnskulen og vidaregående opplæring. Alle elevane får oppleve kunstuttrykk/produksjonar innan scenekunst, musikk, film, litteratur, kulturarv og visuell kunst. Målet er å gje born og unge ein kulturell kapital og ein kulturell kompetanse. DKS er godt forankra i Stryn kommune og kvar skule har valde kulturkontaktar som er ansvarleg for innhald og kvalitet i skulane sitt årlege DKS-program. Dette er i tillegg til tilbod frå fylkeskommunen.

**UKM - Ung Kultur Møtes** er eit stort nasjonalt satsingsområde for ungdom og kultur og er det største kommunale og fylkeskommunale kulturarrangementet for born og unge mellom 10 og 20 år. I Stryn er det samarbeid mellom valfaga sal og scene ved ungdomsskulane, ungdomsråd, kulturskule og ungdomskontakt. UKM er for, med og av ungdom, og stimulera og synleggjer ung kultur i kommunen.

**Telegrafen ungdomskafé** vart skipa i 2002. Ungdomskafeen tilbyr ungdom ein rusfri møteplass, ulike aktivitetar og noko matservering. Telegrafen er open for elevar i ungdomskule- og vgs-alder.

### Strategi:

- Styrke samarbeid mellom kommune, Telegrafen, Stryn vgs, Frivilligsentralen og lag og organisasjonar gjennom aktivitet som t.d. BUA (utlånssentral), fritidskort og aktivitetskalender
- Auke fokus på at alle skal ha lik føresetnad for deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk, kulturell eller religiøse grunnar eller funksjonsevne

### Tiltak:

- Utvikle og styrke DKS-satsinga med samarbeid mellom kulturskule/bibliotek og skule
- Vidareføre og utvikle Stryn ungdomsråd
- Utvikle og styrke UKM-satsinga
- Utvikle MOT som kommunen sitt fremste førebyggande tiltak for barn og unge
- Låge prisar for born og unge

## 4.6 FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor er avgjerande for å oppretthalde og utvikle gode kulturtilbod og sikre høve til deltaking og oppleveling. Organisasjonane og lokale eldsjeler gjer ein stor innsats i lokalsamfunnet. Vi har sett ei merkbar endring dei siste åra med større samspel mellom profesjonelle og frivillig sektor både til leiing og undervisning. Dette samspelet må leggjast til rette for.

Mykje av det frivillige kulturarbeidet går også i større grad enn tidlegare føre seg utanfor dei tradisjonelle kulturorganisasjonane. Det er ofte eit samarbeid mellom frivillig innsats, lokalt næringsliv og offentleg stønad, med stor frivillig innsats som vert lagt ned. Mykje aktivitet er knytt til ad hoc-arbeid, til dømes i samband med festivalar eller andre store arrangement. Ei utfordring for ein del organisasjonar er å få nye tillitsvalde og aktive medlemmer, særleg leiarar. Det kan og vere krevjande å få jamn aktivitet gjennom året, då frivillig engasjement ikkje består av fast medlemsskap i same grad som før.

**Stryn Frivilligsentral** er eit kontaktpunkt og eit bindeledd mellom dei som frivillig ønskjer å yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet og dei som ønskjer å ta imot eit slikt tilbod. Det er og ein viktig møteplass for dei frivillige. Frivilligsentralen er eit viktig integreringstiltak i kommunen med sine mange aktivitetar. Per i dag har frivilligsentralane statleg finansiering.

**Kulturnatt** starta opp i Nordfjord i 2007. Kulturnatt er ein flott arena der ein kan få oppleve kva bygda har å tilby av det kulturelle mangfaldet, og ein fin møtestad mellom lokale og profesjonelle kulturarbeidarar og publikum. Kulturnatt er blitt ein årleg tradisjon og eit fast tilbod til Stryn sine innbyggjarar.

### Strategi:

- Styrke dialog, skape møteplassar og oppmøde til fleirkulturelle tiltak for lag og organisasjonar, Frivilligsentralen og det lokale kulturliv

### Tiltak (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):

- Auke kulturmidlar til lag og organisasjonar
- Vidareutvikle Kulturnatt i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

## 4.6.1 ORGANISASJONSEIGDE KULTURBYGG

Kulturbrygg eller kulturhus er sentrale møteplassar i lokalsamfunnet. Dei organisasjonseigde kulturbryggja som gren dahus, ungdomshus og bedehus (Huset i bygda) har ein viktig funksjon i å vere samlingsarena for små og store hendingar i bygdene, som øvingslokale, framføringslokale og selskapslokale.

Stryn har ikkje lengre lokale tilskotsordningar til kulturbrygg. Lag og organisasjonar er avhengige av å ha ei føreseieleg drift og sikre vedlikehald og oppgradering av husa.

Oversikt over tildeling av spelemidlar til kulturygg i perioden 2012-2020			
År	Stad	Anlegg	Spelemidlar
2016	Loen	Loen Bygdehus AS	122 400
2014	Olden	Aldaheim	211 000
2014	Loen	Vardehall	456 000
2013	Stryn sentrum	Stryn kulturhus	533 000
2012	Loen	Loen Bygdehus AS	603 000
2012	Stryn sentrum	Stryn kulturhus	190 000

**Strategi:**

- Omfordеле ноко av kulturmидлар/ауке културмидлар som kan nyttast til nyordning for lokale kulturygg med ny ordning

**Tiltak:**

- Eigne midlar til kulturygg

## 4.7 KUNSTGALLERI | UTSTILLING | UTSMYKKING

**Gamle Innvik Ullvarefabrikk** er ein kulturarena for kunst- og kulturarrangement. Det er lagt til rette for presentasjon av ulike kunst- og handverksutstillingar, kafé, skuleomvisning, konsertar og planlegging av musical med amfi og scene-tilrettelegging.

**Galleri Stryn** er lokalisert i kulturhuset. Per i dag er det maleri av Kaare Sunde som er stilt ut. Galleriet er lite besøkt og det er per i dag avsett lite ressursar til denne type kulturformidling.

**Singerheimen** (Dalheim) var heimen til William Singer jr. og Anna Singer. Dei kom til Nordfjord i 1912 og gav store pengegåver til mellom anna Nordfjord sjukhus og vegsambandet Olden-Innvik. Etter at ekteparet Singer døydde, vart Dalheim donert til fylkeskommunen. Ei stor samling av kunst og antikvitetar gjekk til Vestlandske kunstindustrimuseum i Bergen. Stiftinga Singerheimen er eigar og Stryn kommune er representert med to representantar i styret. Det har vore ein prosess rundt freding av Singerheimen, og eit fredingsvedtak er under arbeid. Vidare bruk er ikkje avklara.

**Kunst og utsmykking** i det offentlege rom og bygg, kan ein søkje midlar til gjennom KORO. Stryn kommune bør ha eit større fokus på kunst og utsmykking av kommunale bygg og uterom. Dette bør vere med i arbeid med nybygg og modernisering av eksisterande bygg.

**Strategi:**

- Legge til rette for gode arena for produksjon og formidling av kunst og kultur
- Synleggjere og presentere etnisk mangfold i kunst og kulturlivet

**Tiltak** (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):

- Avsetje midlar til kunstnarleg utsmykking i det offentlege rom
- Flytte delar av Kaare Sunde-samlinga til andre kommunale bygg som utsmykking

## 4.8 MUSEUM | LOKAL HISTORIE | KULTURARV

### Museum

**Faleide skulemuseum** er eigd og drifta av Stryn kommune. Det er avsett lite ressursar til drift og utvikling av museet, noko som gjer at museet berre vert opna på førespurnad. Museet har som føremål å vere eit museum for bevaring, dokumentasjon og formidling av Stryn kommune si felles skulehistorie. Museet sine to bygningar med uteareal vert teke vare på som eit heilskapleg kulturminne og antikvariske retningslinjer skal danne grunnlag for bevaringsarbeidet.

Skulemuseet har behov for større vedlikehald. Stryn kommune si rolle som eigar og driftar av museet må styrkast i høve bevaring, utvikling og presentasjon og økonomi, om ikkje må ein vurdere andre driftsformer. Det viktigaste er å ta vare på, formidle og utvikle museet.

**Musea i Sogn og Fjordane avd. Nordfjord Folkemuseum** ligg sentralt plassert i Gloppen kommune. Alle kommunane i Nordfjord har inngått skriftleg avtale om årleg driftstilskot til museet. Nordfjord folkemuseum tek vare på og formidlar historia til Nordfjord på ein fagleg og profesjonell måte og tek vare på delar av kommunen si viktige kulturhistorie. Når vi no er i nytt fylke vert ny avtale utarbeidd.

**Garden Li** vart gjeve som gāve til Stryn kommune i 1998. I 2001 vart det skipa ei stifting for garden. Garden er godt teke vare på og viser eit komplett bygningsmiljø med originalt inventar, utstyr og reiskap. Uteområdet har ulike planter i eit kulturlandskap likt slik det var den gongen garden vart bygd. Garden Li får eit årleg driftstilskot frå Stryn kommune.

**Jostedalsbreen Nasjonalparksenter** opna i 1993. Partane som er med i det er Fylkesmannen i Vestland, Stryn kommune, Høgskulen Vestlandet, Norges Geoteknisk Institutt, Den Norske Turistforening, Norsk Botanisk Foreining og Nordfjord Folkemuseum. Senteret formidlar naturverdiar, kulturminner og historia om folket i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark.

### Lokal historie

Stryn historielag gjev årleg ut ei årbok med lokalhistoriske artiklar og Nordfjord Sogelag gjev ut Årbok for Nordfjord, i tillegg gjev Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ut Kjelda. På biblioteket er det oppretta ei eiga lokal historisk avdeling med artiklar, bøker og bilete.

Arbeidet med **Strynesoga** er i regi av Stryn historielag med forfattar Gaute Losnegård. Strynesoga vert eit viktig lokalhistorisk bokverk for Stryn kommune. Ikkje sidan Aalandsbøkene vart utgjeve på 60-talet har kommunen fått eit så stort og samlande verk om grendene-, gards- og slektene i heile kommunen. Det vil verte ei omfattande bygdebok som vil gje born, unge og vaksne i heile kommunen tilgang til historia om Stryn, som oppslagsverk, slektsinformasjon og samfunnshistorisk kjelde.

## Immateriell kulturarv

Språk er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Nynorsk er dominerande og berande som målform i Stryn kommune. I Stryn er det fokus på formidling av nynorsk språk og litteratur i biblioteket, gjennom fylkesbiblioteket sine sentrale mål, og den kulturelle skulesekken arbeider stadig med å få fram nynorske produksjonar av god kvalitet. Ein ser viktigheita med at nynorsksatsinga må inngå som ein integrert del av alt arbeid som vert gjort innan kultur.

Tradisjonsmusikk- og dans er unike kulturuttrykk som krev medveten satsing på undervisning, rekruttering og dokumentasjon. I Stryn har dans og musikk stått sterkt i mange generasjoner gjennom ungdomslag, spelemannslag og enkeltutøvarar. Husflidslag, sogelag og bygdekvinnelag tek i vare gamle handverkstradisjonar, lokale historier og mattradisjon og formidlar dette vidare. Dette er verdiar som bidreg til å skape fellesskap, utvikling og forankring i lokalsamfunnet.

### Strategi:

- Styrke arbeidet med lokalhistorie og lokal identitet
- Nutte kulturarven for utvikling av identitet og tilhørsle, og i arbeidet for fellesskap og trivsel i lokalsamfunna

### Tiltak (tiltak knytt til budsjett finn ein i vedlagt handlingsprogram):

- Auke ressursar til drift, vedlikehald og utvikling av Faleide skolemuseum eller vurdere anna driftsform
- Kulturmidlar til utgjeving av lokale bøker/hefter
- Styrke nynorsk i alt arbeid vi gjer
- Styrke og formidle immateriell kulturarv gjennom bevaring og bruk



## 4.9. KULTUR, INKLUDERING OG DELTAKING

Inkludering er eit gjennomgåande perspektiv i all kommunal verksemd. Kultur-, idrett-, og frivilligkeit skapar gode arenaer for deltaking, og ein må ha breie og inkluderande aktivitetstilbod som vert til i samarbeid mellom det offentlege, frivilligheita og profesjonelle kulturaktørar.

Gode rammer og låge terskilar for deltaking vil bidra til å utjamne sosial og økonomisk ulikskap. Stryn skal legge til rette for at alle får brukt sine ressursar som grunnlag for livskvalitet og meistringsfølelse, uavhengig av alder. I tråd med kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet» skal kommunen legge til rette for eit aldersvenleg samfunn.

Fleire må få høve til å delta, vere skapande og prege større delar av kunst og kulturlivet. Terskelen for å delta og oppleve kunst og kultur skal vere låg, slik at alle som ønskjer kan ta del. Bygningar, tiltak og arrangement i tråd med lovverk om universell utforming.

**Strategi:**

- Stryn kommune skal sikre at alle innbyggjarane har tilbod om deltaking i kulturaktivitetar i sitt nærmiljø
- Skape gode møteplassar for samhandling mellom enkeltpersonar, foreiningar/lag
- Nytte ut alle kulturtildot som bibliotek, kulturskule, kulturarrangement og idretts- og friluftsarenaer i inkluderingsarbeid
- Informasjon og dialog

**Tiltak:**

- Godt lydnivå på kino og konserter
- Vidareføre og utvikle samarbeid med Frivilligsentral
- Ha tilbod gjennom Den kulturelle spaserstokken
- Halde fram med seniorkino i kulturhuset
- Vidareføre og utvikle Kulturnatt på omsorgssentra
- Utsmykking av kommunale bygg
- Nytte kunst og kultur for å aktivisere og integrere etniske minoritetar, flyktningar og innvandrarar

## 4.10 KULTUR OG NÆRING

Satsing på kultur og kulturbasert næringsutvikling kan spele ei viktig rolle i lokal og regional utvikling og omstilling. Sjølv om arbeid og utdanning i særleg grad avgjer val av bustad, er tilgang på opplevelingar og livskvalitet viktige faktorar. Kultur og kulturbasert næring er med på å auke kjennskapen til ein kommune og er viktig i omdømebygginga, særleg knytt til reiseliv.

**Tiltak:**

- Integrere kunst- og kulturaspektet i ein heilskapleg strategi for innovasjon, utvikling, verdiskaping og bulyst
- Utvikle kunnskap og kompetanse om kulturbasert næringsutvikling

## 5 IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

I dette kapittelet vil ein ta opp anleggspolitikk, kriterier og tiltak for tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv. Ein vil seie noko om status, kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk, og vidare konkretisering av strategi og tiltak for arbeidet framover. Her ligg og handlingsprogram med prioriterte tiltak for dei 4 første åra, samt ein langsiktig del med uprioriterte tiltak. Planen er tematisk og må difor knytast opp til kommuneplanen sin arealdel, samfunnsdel og andre kommunedelplanar og reguleringsplanar.

### 5.1 ANLEGGSPOLITIKK

Anleggsutvikling er eit av dei viktigaste verkemiddel for å nå visjonen om at alle som ønskjer skal få vere i fysisk aktivitet i Stryn kommune. Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar og aktivitetar prega av leik. Idrett er aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Friluftsliv er opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleveling. Ulike aktivitetar utøvd i same anlegg/arena kan vere fysisk aktivitet, idrett eller friluftsliv – avhengig av intensitet eller motivasjon for aktiviteten. Døme på slike aktivitetar er gå/springe, orientering, ski, sykling, symjing, padling og klatring.

I Stryn kommune er det innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal ligge til grunn for kva anlegg som skal prioriterast og byggjast i åra framover.

Kulturdepartementet (KD) har plankrav for søknadsrett til spelemidlar. Kommunedelplanen skal sikre:

- Sterkare kommunal styring av anleggsutbygginga
- Tydeleg kommunal prioritering
- Samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar for å kunne møte framtidas behov for anlegg

KD presiserer at finansiering og bygging av idrettsanlegg primært er eit kommunalt/privat ansvar og at det statlege tilskotet (spelemidlar) berre er ei toppfinansiering.

Spelemidlar bidreg til å realisere nasjonale mål for folkehelse, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. KD krev at kommunane har ein forankra anleggs- og aktivitetspolitikk for å kunne løyse ut spelemidlar til anlegg. Anlegg som skal byggast med kommunal medverknad må forankrast i økonomiplanen og årsbudsjett for å løyse ut kommunale midlar. Dette i tillegg til anna finansiering som spelemidlar, eigenkapital, gåver, dugnad osb.

Eit nytt viktig tiltak i kommunen sin anleggspolitikk er oppretting av eit fond for mellomfinansiering av spelemidlar til nærmiljøanlegg/nærmiljøtiltak i Stryn kommune. Kommunen ser det som spesielt viktig å utvikle og bygge nærmiljøanlegg nær der barn og unge bur og i tilknyting til skular/barnehagar. Ein vil legge til rette for at natur og friluftsliv skal vere lett tilgjengeleg for alle og at naturen vert brukt som læringsarena. Dagsturhytta er eit godt eksempel på slik tilrettelegging.

### 5.2 UTVIKLINGSTREKK

Grunnlaget for god helse vert lagt tidleg i livet. Haldningar og aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Vi veit at den største utfordinga, og som gir størst helsegevinst er å få fleire barn og unge inaktive til å bli aktive. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert dei 20 siste åra, til dømes gjennom stillesittande jobbar, bruk av bil, medie- og

kommunikasjonsbruk. På landsbasis er det ein trend at fleire trenar for seg sjølv, på sykkel, jogging, på fjellturar eller på treningssenter. Denne trenden kan vi rekne med gjeld for Stryn og. Tradisjonelt så har fotball og handball vore dei største idrettsaktivitetane i Stryn kommune, men vi har og større grupper til dømes innanfor turn, skiskyting og friidrett.

Frisklivssentralen har saman med Stryn helsestasjon og Fysio- og ergoterapiavd. tenesta i Stryn kartlagt det helsefremjande og førebyggande arbeidet for barn og unge i Stryn kommune. Som ein del av denne kartlegginga vart det utarbeidd ein rapport med sentrale funn frå m.a. vekt gjort på utvalde årsklassar. Funna i denne kartlegginga syner at vekta til barn og unge i Stryn er over landsgjennomsnittet. Kartlegging av 8-åringar i 2020 syner at denne gruppa har overvekt (27,7 %) og fedme (4,4%). Av 13-åringane finn ein og relativt høg andel overvekt og fedme. Nasjonalt har 15-25% 13-åringane utfordringar med overvekt og fedme, i Stryn kommune ligg denne gruppa med ein førekommst på 32,4%.

Fysisk aktivitet og mental helse heng tett saman. Det vert understreka at fysisk aktivitet er svært viktig i ein samanheng og eit heilskapleg bilde av helse, livskvalitet og deltaking i samfunnet. Lågterskeltilbod for aktivitet vil og ha ringverkander utanfor dei fysiske helsegevinstane, som førebygging av utanforskap, fremje meistring, felleskap og samhald. Ulike arenaer som møteplassar for barn, unge, foreldre og på tvers av generasjonar er viktige.

Dei frivillige organisasjonane gjer ein særsviktig jobb for å lære barn og unge friluftsliv og for at dei skal få oppleve gode naturopplevelingar. Det same gjeld for skular og barnehagar. Gode opplevelingar i friluftsliv vert med på å forme barn og unge sin bruk av naturen i vaksen alder.

Å vere fysisk aktiv i naturen og nærmiljøet er den aktiviteten nordmenn i dag seier at dei ønskjer å gjere meir av. For å få fleire ut i naturen er det gjort framlegg om å endre friluftslivlova slik at det no vert opna opp for nye friluftslivformer. Ei slik endring vil m.a. medføre at sykling blir lovleg i store områder der det i dag er forbode å sykle. Nye tilbod vil kunne medverke til at nye og fleire grupper nyttar naturen som sitt aktivitetsrom.

## 5.3 AKTIVITETSNIVÅ

### Idrett


I kommunen er mange barn og unge aktive innan organisert idrett, noko som medlemslistene frå idrettsregistreringa viser. Det er positivt og ein må jobbe vidare med å halde dei som no er aktive, i aktivitet vidare. Like viktig er det å få fleire inaktive i fysisk aktivitet. Det er eit mål at alle skulane i kommunen skal ha eit uteareal av høg standard som innbyr til aktivitet, leik og sosialt samvær. Fleire gang- og sykkelvegar i kommunen som gjer skulvegen trygg og eit lett val for elevane må prioriterast høgt.

Tabellen under viser tal på medlemmar som er organisert innan idretten i Stryn. Oversikta viser ikkje tal på aktive i t.d. skyttarlag.


Vi har 8 registrerte fleir-idrettslag, under dei ligg det mange ulike aktivitetsgrupper. Stryn T&IL har til dømes eiga turngruppe, handballgruppe, fotballgruppe m.m. I tillegg har vi 5 ein-idrettslag.

Medlemstal i % av folketalet viser ein nedgang på 4,5% frå 2016 til 2019.

	Medlemstal				
	2015	2016	2017	2018	2019
<b>IR1449 Stryn Idrettsråd</b>	<b>3420</b>	<b>3489</b>	<b>3410</b>	<b>3395</b>	<b>3122</b>
Hardbagg IL	146	148	138	149	138
IL Veten	410	367	374	342	285
Loen IL	298	267	293	283	274
Loen Karateklubb	10	57	35	15	12
Markane IL	382	367	389	326	311
Olden IL	208	204	162	168	182
Oppstryn IL	135	164	140	143	153
Stryn Klatrekubb	10	28	22	49	44
Stryn Luftsportsklubb	32	43	52	47	44
Stryn Motorsportklubb	111	146	107	75	74
Stryn Pistolklubb	30	36	29	26	23
Stryn T og IL	1293	1297	1311	1430	1260
Vikane IL	355	365	358	342	322
Folketal	7168	7218	7195	7167	7130
Medlemstal i % av folketal	47,7 %	48,3 %	47,4 %	47,4 %	43,8 %



	Aktivitetstal				
	2015	2016	2017	2018	2019
Hardbagg IL	298	337	394	243	210
IL Veten	330	233	269	305	267
Loen IL	121	141	319	332	294
Loen Karateklubb	10	35	35	15	13
Markane IL	725	830	996	601	614
Olden IL	210	148	68	53	208
Oppstryn IL	79	91	87	90	33
Stryn Klatreklubb	10	24	22	43	44
Stryn Luftsportsklubb	32	43	58	52	55
Stryn Motorsportklubb	60	84	77	56	58
Stryn Pistolklubb	18	12	17	13	11
Stryn T og IL	1269	1250	1151	1279	1235
Vikane IL	228	225	403	331	330
<b>IR1449 Stryn Idrettsråd</b>	<b>3390</b>	<b>3453</b>	<b>3896</b>	<b>3413</b>	<b>3372</b>



## Aktiv fritid - Friluftsliv

Naturen er ein viktig arena for fysisk aktivitet. I skule og barnehage vil friluftsliv fremje god trivsel og godt læremiljø. Nærnatur og nærturar påverkar både den fysiske og psykiske helsa vår positivt. Lett tilgang til natur der folk bur, gjer at dei brukar naturen oftare.

Turstiar og løyper er friluftslivet sine viktigaste anlegg og ein føresetnad for å få folk meir aktive. Eit godt og samanhengande sti og løypenett, nært der folk bur bør difor prioriterast høgt. Per i dag så har ikkje Stryn ein turruteplan, men ein slik plan bør vurderast i vidare utvikling av turløypene i kommunen. Ei turrute omfattar ulike friluftslivaktivitetar, som gå-, ski- og trueturar, sykling og padling. Ei rute kan til dømes registrerast som eigna for fleire aktivitetar, med utgangspunkt i ein hovudaktivitet.

Barn og unge deltek framleis mykje i friluftsliv, men friluftsliv med familien kan ein ikkje ta som ei sjølvfølgje lenger – difor er frivillige lag og organisasjonar sine bidrag i arbeidet særleg verdfult. Klatrepark i Olden, Hydlaparken, klatrepark i kulturhusparken, klatrepark ved Oppstryn skule er alle gode tiltak for å få barn og unge i fysisk aktivitet. Fleire uteområde ved skulane er i behov for oppgradering og nye tilbod. Spesielt viktig er uteområdet ved Stryn ungdomsskule.

I 2019 fekk alle skulane i kommunen tilbod om å vere med i prosjektet «Teikn ditt uteområde», og mange gode idear og forslag fra elevar og lærarar kom fram i dette arbeidet. Stryn ungdomsskule var ein av skulane som vart med i prosjektet og utarbeidde gode skisser og planar for sitt område. Per i dag er ikkje arbeidet med utepllassen på skulen starta opp, då ein ventar ei avklaring på om det skal byggjast ny skule ein annan stad eller ikkje.

Dagsturhytta vart opna i 2019. Dagsturhytter er utbygd i alle dei 26 kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Dagsturhytteprosjektet er eit samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Sparebankstiftinga. Føremålet med hytta er at den skal vere eit lågterskel tilbod for alle, ligge sentralt for folk og nå innan ein kort tur. Hytta har vedomn og fått installert solcellepanel. Hytta i Stryn ligg på Kloppe myra og fått namnet Kloppe myrhytta. Hytta er open for alle og har eit eige fjellbibliotek med bøker frå Stryn bibliotek. Indre Nordfjord Turlag Stryn er ansvarleg for drift og vedlikehald av hytta, i samarbeid med Stryn kommune.

## Vaksne og eldre

Eldre er ei målgruppe som bør stimulerast til friluftslivsaktivitet, og dei er og ein viktig ressurs i rekrutteringsarbeidet for å få andre eldre, vaksne og barn i aktivitet, samt i dugnadsarbeidet for friluftslivet. I Stryn har vi eit trenings og førebyggingstilbod retta mot eldre. Dette er ein lokal variant av konseptet «sterk og stødig». Dette er eit tilbod som bør sikrast til alle innbyggjarane i målgruppa, slik at dei kan ha god helse, vere sjølvstendige og bu heime lengst mogleg. Dette er eit tilbod som er i tråd med reforma «Leve heile livet». Stryn kommune har utarbeidd og vedteke lokale mål og strategiar i høve denne reforma, og seier at kommunen skal legge til rette for variert fysisk aktivitet for alle innbyggjarane, uavhengig av alder og funksjonsevne.

Det er eit sterkt ønske om eit varmtvassbasseng i Stryn. Tiltaket har vore med i planen i mange år, men har ikkje blitt prioritert i samband med økonomiplan og budsjettarbeid i kommunen.

Varmtvassbasseng er per i dag ikkje eit tiltak som ein kan søkje spelemidlar til, finansieringa av eit slikt anlegg må difor gjerast utan statlege midlar. Eit alternativ til varmtvassbasseng er eit såkalla opplæringsbasseng. Denne type anlegg kan få ei statleg delfinansiering frå spelemiddelordninga. Det er bygd nokre slike anlegg i Norge, og det er populære tilbod for mange grupper i samfunnet. Både Vossabadt og Østfoldbadet har opplæringsbasseng som fasilitet i sine tilbod. Bassenget har heve- og senkebunn, temperatur på 26-34 grader og såleis godt tilpassa for symjeopplæring for små barn,

babysymjing og funksjonshemma. Bassenget er og populært blant dei eldre som ønskjer eit bassengtilbod med varmare temperatur.

#### Lite aktive grupper

For nokre grupper er det behov for særskilde stimuleringstiltak for å motivere til aktivitet. Ikkje-vestlege innvandrarar er ei gruppe som særskild skil seg ut. Ein studie syner at innvandarkvinner nyttar helst parkar og grøntområde i nærleiken av der dei bur når dei er ute. Det sosiale aspektet er viktig for mange.


Det er behov for meir kunnskap om innvandrarar sin deltaking i friluftsliv og fysisk aktivitet, og korleis ein kan oppnå meir deltaking frå denne gruppa. Kurs og opplæring av innvandrarar for å få fleire med, kan vere eit av fleire tiltak for å inkludere fleire til eit aktivt friluftsliv og fysisk aktivitet.

Tilgang og fysisk tilrettelegging er ein viktig faktor for mange funksjonshemma for å kunne delta. Det er også viktig med god informasjon, kurs og opplæring i tilpassa aktiviteter. Fleire tilbod om aktivitetar i nærmiljøet vil senke terskelen for å delta generelt.

Friluftsrådene sitt landsforbund har utarbeidd kursopplegget «*Klart det går*» i samråd med organisasjonane. Kursopplegget kan få fleire i fysisk aktivitet og inspirere til friluftsliv.

Den Norske Turistforening, Indre Nordfjord Turlag, Barnas turdag og Frivilligsentralen er viktige aktørar for turar, kurstilbod og arrangement. Dei arrangerer m.a. «Ferskingskurs» . «Kom deg ut dagen», minicamp, blåturar, samt lågterskelturar som ikkje krev utstyr eller krav til kondisjon.

Fleire kommunar har i dag etablert utandørs treningsparkar/Tuftepark. Parkane er eit lavterskel tilbod for eigenorganisert idrett og folkehelse. Parkane er ein inkluderande sosial arena i like stor grad som ein treningspark, med eit konsept utvikla slik at alle kan utføre grunnleggande øvingar uavhengig av treningsbakgrunn eller funksjonsnivå. Tilbodet er gratis og ope for alle. Anlegget bør ligge sentralt / lett tilgjengeleg der folk oppheld seg som t.d. ved ein park/tursti/turløype. Elementa i parken er enkle treningsapparat som folk enkelt kan nytte seg av, uavhengig av alder og funksjonsnivå.



## 5.4 EVALUERING AV FØRRE PLAN - STATUSOVERSIKT

Gjeldande handlingsprogram vart revidert i 2016, medan prosadelen i planen vart vedteke vidareført frå 2013 til 2020. Handlingsprogram for 2017-2020 har vore rullert kvart år. I den årlege rulleringa har ein teke inn nye anlegg, samt teke ut anlegg som er ferdige.

Den førre planen gav oversikt over anleggsituasjonen og utvikling av aktivitetsnivået. Planen har vore eit godt styringsreiskap for utbygging av anlegg, men vi ser og at anlegg som vert bygt ut må vente lenge på tildeling av spelemidlar dei har søkt om. For enkelte anleggsseigarar kan det medføre ei ekstra økonomisk belastning. Anlegg som ligg inne i handlingsprogrammet vert stort sett realisert, medan andre anlegg ikkje vert det. Grunnen kan vere manglende finansiering, grunneigaravtale eller at arealbehovet ikkje er avklart. Vi har hatt god anleggsutvikling i planperioden, spesielt innafor hallidrett med ei større oppgradering av Strynehallen og bygging av ny basishall ved Stryn stadion.

[Oversikt over ordinære idrettsanlegg, rehabilitering av anlegg og nærmiljøanlegg som har fått tildelt spelemidlar i perioden 2017-2020](#)

År	Stad	Anlegg	Spelemidlar
2017	Stryn symjehall	Symjehall reha.garderobar	227 000
	Ålandsleite	Skistadion	106 000
	Loen stadion	Kunstgrasbane	1 896 000
2018	Strynehallen	Fleirbrukshall - Rehabilitering	1 000 000
	Stryn stadion	Kunstgrasbane	1 952 000
	Loen stadion	Klubbhus	748 000
2019	Bjørkelibakken	Reha.hoppbakke	387 000
	Kloppemyra	Dagsturhytte	508 000
	Arena Stryn	Basishall	2 500 000
	Tonning skule	Ballbinge – Rehabilitering	90 000
	Strynehallen	Fleirbrukshall - Rehabilitering	1 675 000
2020	Avleivsåsen	Skytebane	690 000
	Olden skule	Klubbhus Olden IL	500 000
	Ålandsleite	Skistadion – Reha. av trase	80 000
	Nordsida skule	Kunstgras på ballbane	300 000
	Arena Stryn	Basishall	3 800 000
	Avleivsåsen	Skytebane	310 000
	Olden skule	Klubbhus Olden IL	504 000
	<b>Tidelte spelemidlar i planperioden</b>		<b>17 273 000</b>

## Handlingsprogram for aktivitet – Status

I tillegg til aktivitetar i kommunal regi, er det ein stor innsats frå frivillige lag og organisasjonar/Stryn frivilligcentral, Indre Nordfjord Turlag m.fl. Nedanfor eks på tilbod kommunen har:

Tiltak	Ansvar	Merknad
Utedag/aktivitetsdag	Skular/bhg	Ja
Tilpassa og gode uteområde i bhg	Stryn kommune	Ja
Fysisk aktivitet i skulen	Skulane	Ja
Skidag	Skulane	Ja
Fysisk aktivitet i DKS	Skulane	Nokre skular tilbyr dette
Dans i kulturskulen	Kulturskulen	Ja
SFO	Skuleavdelinga	Ja
Fotball i SFO	Skuleavdelinga	Ja
Gje Gass	Skuleavdelinga	Avslutta
Symjeopplæring 1.-4.klasse	Skuleavdelinga	Avslutta
Driftstilskot til idrettslag/turløyper/skianlegg	Stryn kommune/kulturavdelinga	Ja
Fritak for trening/leigeavgift for barn/unge i skulebygg (inntil 19 år)	Stryn kommune	Nei
Aktivitetstilbod for funksjonshemma	Heimetenesta for funksjonshemma/idrettslag	Ja (Fotball, diskotek, turar med Turlaget mm)
Terapibasseng	Private/kommune	
Den kulturelle spaserstokken	Helse- og sosialetaten	Ja
Gang- og sykkelvegar	Stryn kommune	Behov for vidare satsing jfr.Trafikktryggleiksplan
Fleire lågterskeltilbod	Stryn kommune/lag/org	Dagsturhytte og skilt turløyper/stiar
Dans	Lag/org/Stryn kommune	Ja
Symjekurs	Private	Ja
Sikre gode friluftsområde	Stryn kommune	Fortløpande
Sikre avtalar med grunneigar	Stryn kommune	Fortløpande
Barnas turlag	Indre Nordfjord Turlag	Ja
Kom deg ut dagen, Ferskingskurs, minicamp, blåturar mm	Lag og org/frivillegcentralen	Ja
Turprogram	Indre Nordfjord Turlag/Sogn og Fjordane Turlag	Ja
Sykkelsti	Private/lag/org	Ja
Klatrepark	Private/lag/org	Ja
Nordfjord friluftsråd	Stryn kommune m.fl	Ja
Turløyper vinter/vår	Private/lag/org	Ja
Friluftsliv for innvandrarar	Stryn kommune/frivilligcentral/lag/org	
Tilrettelegging for funksjonshemma	Private/lag/org/kommune	Fortløpande
Utarbeide turkart/O-kart	Lag/org	Fortløpande

## 5.5 HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITET I PERIODEN 2021-2024

### Skule- og barnehage

Fysisk aktivitet og naturopplevelinger skal bidra til at barn og unge får gode vanar og haldningar i høve aktivitet og friluftsliv. Uteanlegg ved skulane skal prioriterast høgt.

Strategi:

- Barnehagar og skular har god tilgang til naturområde
- Fysisk aktivitet som ein del av undervisninga og skulekvardagen
- Alle skular skal ha gode aktivitetsanlegg som innbyr til leik og fysisk aktivitet
- Barn og unge skal motiverast til fysisk aktivitet

Tiltak	Ansvarleg	Når	Merknad
Utedag /aktivitetsdag	Skule/bhg	Fortløpende	
Friluftsliv i skulen	Skulane	Fortløpende	
Friluftsliv i bhg	Barnehagane	Fortløpende	
Tur til Koppemyrhytta	Skule/bhg	Fortløpende	
Gang- og sykkelvegar	Stryn kommune	Fortløpende	
Symjeopplæring 1.-4.klasse	Stryn kommune		Midlar må avsetjast i budsjettet til tilbodet, samt tid i symjehall
Merking av plass til syklistar i vegbana	Stryn kommune	Nytt tiltak	Vegar som manglar gang/sykkelveg bør få eiga merking i vegbana for syklistar
Fysisk aktiv i SFO	Stryn kommunne		
«Barn og unge i bevegelse»	Stryn kommune	Nytt tiltak	Kunnskapsløftet 2020
Oppgradere uteområde på skulane	Stryn kommune	Fortløpende	
Den kulturelle skulesekken (DKS)	Skule/kulturavdeling	Fortløpende	Må takast inn i skulane sine DKS planar
Fysisk aktivitet og helse/friluftsliv	Stryn kommune	Fortløpende	Ungdomstrinnet
Leirskuleeveke	Stryn kommune	Fortløpende	7.trinn

## Idrett og fysisk aktivitet

Ei målstyrt utbygging av dei «rette» anlegga og god planlegging av område for idrett og fysisk aktivitet skal sikre innbyggjarane i Stryn kommune anlegg dei treng og har behov for å kunne ha ein aktiv kvardag.

Strategi:

- Eit variert tilbod av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø
- Sikre areal, infrastruktur og anlegg som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet
- Kunnskap om behov for ulike typar av anlegg for ulike målgrupper og aktivitetar
- God drift og vedlikehald av anlegg
- BUA utstyrssentral

Tiltak	Ansvarleg	Når	Merknad
Kommunalplanlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere fysisk aktiv	Stryn kommune, planavdelinga, skule- og kultur	Fortløpende	I samarbeid med Stryn idrettsråd/frivillige lag/org
Kommunedelplan for kultur og idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal reviderast etter krav frå KUD	Stryn kommune	Kvart 4.år	Etter plan- og bygningslova
Legge til rette for større idrettsarrangement, kurs og konferansar	Frivillige lag/org i samarbeid med Stryn kommune/andre	Fortløpende	
Sikre driftstilskot til idrettslag/turløyper/skianlegg	Stryn kommune	Fortløpende	
Sikre fond for mellomfinansiering nærmiljøanlegg	Stryn kommune	Fortløpende	
Fritidskortordning	Stryn kommune	Nytt tiltak i planperioden	Fleire barn og unge tilgang i aktivitet
Sikre god drift og utvikling i kommunale anlegg	Stryn kommune	Fortløpende	
Gratis leige i idrettshallar for barn og unge	Stryn kommune/idrettslag	I planperioden	Viktig tiltak for å få fleire barn og unge i aktivitet
Fokus på miljø og klima ved utbygging/reha.av anlegg	Stryn kommune	Fortløpende	Nye reglar for m.a kunstgrasbaner
Tilby lag/org kurs og oppfølging spelemiddelordning	Stryn kommune /Vestland fylkeskommune	Fortløpende	
BUA utstyrssentral	Stryn kommune	I planperioden	

## Folkehelse

Bevegelse og fysisk aktivitet er eit naturleg val for alle gjennom heile livet. Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn får høve til å vere i bevegelse og fysisk aktivitet er eit hovudmål for Stryn kommune. «Leve heile livet» er ein reform for fysisk aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap med mål om å opprette sosiale nettverk og å skape gode opplevingar og møteplassar på tvers av generasjonane. I retningsliner for kulturmidlar kan lag/organisasjonar som legg til rette for aktivitet for særskilde grupper søkje om særskilt tilskot frå ordninga.

Strategi:

- I samarbeid med Stryn idrettsråd, råd for eldre og funksjonshemma, Stryn Frivilligsentral, ungdomsråd og andre etablere eit aktivitetsråd. Rådet skal ha fokus på fysisk aktivitet og folkehelse – i samarbeid med Stryn kommune/folkehelsekoordinator
- Vidareføre kulturmidlar til lag/organisasjonar som tilbyr tiltak for særskilde grupper
- Etablere gå- og aktivitetsområde nært der folk bur
- Opplæringsbasseng
- Tilrettelege for nærturar
- Gang og sykkelvegar
- Merke sykkelsti i vegbane utan sykkelveg
- Merking av turstiar
- Informasjon

Tiltak	Ansvarleg	Når	Merknad
Kulturmidlar til særskilde grupper	Stryn kommune	Vidareført	Lag og organisasjonar kan søkje innan fristen 1.mars
Aktivitetsråd	Lag/org/folkehelsekoordinator	I planperioden	
Opplæringsbasseng 12,5m x 8,5 m	Stryn kommune/private	Uavklart	Kan søkje om spelemidlar til denne type basseng
Utarbeide turplan	Stryn kommune/lag/org	I planperioden	Avklare planprosess
Gang- og sykkelvegar	Stryn kommune/Statens vegvesen/Mesta	Fortløpende	
Symjekurs	Stryn symjegruppe	Er i gang	
Fleire lavterskelttilbod	Stryn kommune/lag/org	Fortløpende	Lett tilgang til natur og turløyper
Utandørs treningspark/Tufteparken	Stryn kommune	I planperioden	
BUA utstyrssentral	Stryn kommune/lag/org	I planperioden	Driftstkostnader må inn i budsjett før ein kan starte opp

## Friluftsliv

Friluftsliv er ein levande og sentral del av norsk kulturarv og nasjonal identitet, og ei viktig kjelde til høgare livskvalitet og betre helse for alle. Denne planen er ein tematisk plan, noko som betyr at den er utan juridisk binding når det gjed disponering av areal. Avklaring om kva område som bør/skal sikrast og korleis dette skal gjerast vert det arbeidd med fortløpande i kommunen. God dialog mellom frivillige lag/organisasjonar, kommune og friluftsråd er viktig for å stette behov og tilrettelegge for friluftsliv, turstiar og sikre aktuelle friluftsområde i kommunen. Vi skal sikre friluftslivsområde for brukarane i dag og i framtida, vi skal ivareta og utvikle god tilgang til friluftslivsområde og vi skal ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv. For å få dette til må vi identifisere, utvikle og ta vare på areal for friluftsliv.

Stryn kommune har kartlagd og verdsett friluftslivsområde i kommunen i 2017 og 2018. Eit prosjekt i regi av Miljødepartementet, med utgangspunkt i den nasjonale strategien for eit aktivt friluftsliv. Prosjektet har resultert i eit kart med tilhøyrande informasjon om kvart område. Kartet med tilhøyrande informasjon kan ein finne på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Strategi:

- Stryn kommune er med i interkommunalt friluftsråd
- Vurdere behov for revisjon av utarbeidd kart for friluftslivsområde i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel
- Dialog mellom frivillig sektor, kommune, friluftsråd og andre i samband med revisjon av kartlagde og verdsette friluftslivsområde i kommunen
- Sikre avtalar med grunneigarar der det er behov
- Utarbeide plan for stisykling og turløyper
- Friluftsliv vert eit av tilboda i Frisklivssentralen
- Friluftsaktivitetar i nærmiljøet for barn og unge
- Etablere utstyrssentral (BUA)
- Informasjon/skilt
- Kulturminne bør synleggjera og formidlast som ein verdi for oppleveling og motivasjonsfaktor

Tiltak	Ansvarleg	Når	Merknad
Sikre friluftsområde	Plan og næringsavdelinga	Fortløpande	I samband med revisjon av arealdel
Interkommunalt friluftsråd	Stryn kommune	Vidareføre	
Stisykling	Private	I planperioden	
Turplan	Stryn kommune	I planperioden	
Ustyrssentral for utlån av gratis sykler, ski, spark, skateboard mm (BUA)	Stryn kommune/frivilligsentral/organisasjonar	I planperioden	Behov for driftsmidlar Plassering av BUA
Geocaching	Stryn kommune/lag/org	I planperioden	IKT basert produkt /tenester
Turskøyting	Frivillige lag/org		
Kulturminnefond	Stryn kommune	I planperioden	Budsjett/ØPL
Badeplassar	Stryn kommune/ lag/org	Fortløpande	
Friluftsliv for	Frivillige lag/org,	Fortløpande	

særskilde grupper	frivilligsentral		
Utandørs symjebasseng	Stryn kommune	I planperioden	Budsjett/ØPL

## 7. HANDLINGSPROGRAM

Vedlegg 1

Handlingsprogram 2021-2024 – Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Vedlegg 2

Handlingsprogram 2021-2024 - Kultur

Handlingsprogram for aktivitet 2021-2024 – Sjå punkt 5.5 i planen